

REGIONAL PLANSTRATEGI FOR BUSKERUD 2009 - 2012



Høyringsframlegg

REGIONAL PLANSTRATEGI FOR BUSKERUD 2009 - 2012

1 Innleiing

Siktemålet med den regionale planstrategien er å seie noko om dei viktigaste utfordringane og moglegheitene i Buskerud, og å prioritere tema for vidare planlegging som kan medverke til ei berekraftig og framtidsretta utvikling. Planstrategien bygger på gjeldande fylkesplan, rapport frå Tor Selstad, næringsmelding og andre aktuelle utgreiingar og planar.

Arbeidet med regional planstrategi baserar seg på framlegg til ny plan- og bygningslov slik den er presentert i *St. meld. nr. 12(2006 – 2007) Regionale fortrinn – regional framtid* og *Ot. prp. Nr. 32(2007 – 2008) Om lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven - plandelen)*. Buskerud er eit pilotfylke i utarbeidinga av den regionale planstrategien i samarbeid med Miljøverndepartementet.

1.1 Visjon

Ei ynskt utvikling i Buskerud skal vera berekraftig og innovativ for å fremje næringsutvikling og bulyst.

Vi ynskjer å utvikle Buskerud til eit fylke med høg kompetanse basert på forskning og innovasjon, variert næringsliv, effektivt og miljøvenleg transportsystem, attraktive byar og lokalsamfunn der barn og unge trivst og kan skape ei framtid. Vi ynskjer å utvikle lokalsamfunna til dynamiske kultursentra frie for vold, rasisme og diskriminering slik at både barn og vaksne kan leve i et sosialt og utviklande miljø. Vi ynskjer ei utvikling som er kjenneteikna av mindre forureining, færre trafikkulykker og vern av verdfulle jordbruks- og naturområde.

1.2 Utfordringar i Buskerud

Ser vi på folketal og næringsliv kan vi snakka om ei todeling av Buskerud. Nedre delar av fylket har ein vekst i folketal og sysselsetting som er vesentleg høgare enn i distrikta, som i noko monn er prega av ein nedgang i folketalet. For å oppnå ei balansert utvikling i heile fylket har vi nytta kommuneregioninndelinga.

Det synes klart at det ikkje er naudsynt å handsama alle tema og utfordringar i eigne fylkesdelplanar, nokre kan verta handsama på andre måtar. Det må gjerast ei prioritering om kva tema som skal handsamast fyrst.

1.2.1 Klima og energi

Klima er sett på den politiske dagsorden globalt, nasjonalt, regionalt og lokalt. Norge har vedteke å bli karbonøytral i 2050 og at vi skal redusere utslepp av klimagassar med 50 % innan 2020. Buskerud må gjera sin del av jobben.

Auka bruk av fossilt brensel globalt og i Norge har i stor grad vor med på utsleppa av klimagassar. Redusert energibruk og overgang til fornybare energiformer vil vera avgjerande for å redusere utsleppa av klimagassar.

Utfordringane knytt til klima og miljø er mange; arealbruk, utbygging, transport, avfall, fornybar energi, byggestandarar, løysingar for oppvarming, konsekvensar av klimaendringar m.m. Fylkeskommunen, kommunar og staten vil måtte spela ei sentral rolle i dette arbeidet saman med næringslivet og befolkninga i fylket. Klimaspørsmål må og stå sentralt i beredskapsarbeidet i fylket.

Det å redusera klimautsleppa og endre energiforbruket vil få konsekvensar for mange av sektorane i samfunnet. Buskerud produserer mykje vasskraft, sjansane for større utnytting av vasskraft og produksjon av bioenergi er viktig. Energiøkonomisering, fjernvarme og varmpumper kan vera med på å redusere energiforbruket.

Kva vi kan gjera regionalt med desse spørsmåla, og korleis kan vi best løysa utfordringane i et samspel mellom fylkeskommunen, fylkesmannen, kommunane og ulike deler av næringslivet? Vi har alt eit samarbeid med Oslo og Akershus når det gjeld klima og energi.

1.2.2 Næringslivet

Store delar av næringslivet i Buskerud går godt, men det er skilnader mellom regionane. Drammensregionen og Kongsbergregionen har ein sysselsettingsvekst langt over landsgjennomsnittet, Midt-Buskerud ligg noko over, medan Hallingdalsregionen og Ringeriksregionen har ein vekst som er noko lågare enn landsgjennomsnittet. På mange måtar er nok

Vi har store problem med å få tak i nok og kvalifisert arbeidskraft Buskerud, og har dei den naudsynte kompetansen for næringslivet? Aukande sentralisering gjev særlege utfordringar til distrikta for å skaffa og behalda kompetent arbeidskraft. Næringslivet i Buskerud avhengig av å rekruttera utanlandsk arbeidskraft, eit anna spørsmål er korleis vi best kan integrere innvandrara i arbeidslivet.

Buskerud er rangert som 6. beste fylke når det gjeld forskning og utvikling, mykje på grunn av verksemdene på Kongsberg. Det meste av FoU-arbeidet går føre seg i verksemdene, vi treng likevel å bli betre. Buskerud kjem relativt dårleg ut når det gjeld innovative verksemdar, bortsett frå i Drammensregionen. Forsking og utvikling er grunnleggjande for regional utvikling, det er trong for betre samhandling mellom det offentlege, næringsliv FoU-miljøa om sameinte strategiar og prioriteringar.

Globalisering av næringslivet fører til større konkurranse om dei ulike marknadssegmenta og er tydeleg gjennom t.d. utanlandsk eigarskap.

Reiselivet spelar ei hovudrolle i Hallingdalsregionen, likevel har det vore ein liten nedgang i sysselsettinga. Vi treng å få meir effekt ut av næringa når det gjeld sysselsetting og økonomi. Det vert utarbeida ein ny reiselivsplan for Buskerud.

Ein stor del av produksjonen av frukt og grønt her i landet skjer i nedre deler av fylket, medan deler av distriktsjordbruket slit med å halda oppe produksjon og sysselsetting.

Det er naudsynt å avklara kva rolle det offentlege kan spela i næringspolitikken.

1.2.3.Utdanning og livslang læring

Den siste PISA-undersøkinga syner at Norge(og dermed Buskerud) sakkar enda meir akterut i høve til land vi kan samanlikna oss med. Vi ligg no under gjennomsnittet i OECD og er på ei falland kurve.

Ei hovudutfordring er manglande læringstrykk og arbeidsmoral i utdanningsløpet. Å læra er viktig i heile livsløpet, utdanningsinstitusjonane har ei vesentleg utfordring å motivera barn, unge og vaksne til å sjå læring som ei kjelde til vekst og utvikling. Vi må gjera alle i stand til ikkje å sjå læring som vanskeleg, men som eit positivt tilskot til heile livet.

Grunnutdanninga er no delt i ei 10-årig grunnskole og eit 3-årig vidaregåande løp. Det er den enkelte kommune i Buskerud som har ansvaret for grunnskolen, medan fylkeskommunen har ansvaret for den vidaregåande opplæringa, inklusive opplæring i verksemdene. Vi har ei stor oppgåve framfor oss med å få eit heilheiteleg syn på korleis heile opplæringsløpet gjeld alle i fylket. Her trengs det betre dialog, planlegging og konkret samarbeid enn det vi har i dag. Vi må finna gode løysingar for å bli betre på vertikal integrasjon i fylket.

Kommunar, fylkeskommunen og høgskolen driv alle med vaksenopplæring. Samarbeidet mellom kommunar og fylkeskommunen på dette området er lite utvikla. Vaksenopplæring i kommunane, OPUS-ane ved dei vidaregåande skolane og dei friviljuge organisasjonane som driv med vaksenopplæring og etterutdanning bør utvikla et meir strukturert samarbeid for å betre kvaliteten og nytta ressursane meir effektivt.

Buskerud har eit relativt avgrensa høgskoletilbod sett ut frå folketalet. Delen av folketalet som har universitets- eller høgskoleutdanning er og låg i høve til mange andre fylke. Høgskolen er representert 3 stader i fylket, det vert arbeid med høgskoletilbod i Hallingdal.

1.2.4 By- og stadsutvikling

Byane og tettstadene i Buskerud er viktige for busetting, næringsliv, kultur og sosiale aktivitetar.

Drammen er integrert i Stor-Oslo, men ikkje i den grad at Drammensregionen har kome i skuggen av Oslo. Det har skjedd ei kraftig revitalisering av Drammen.

Kongsberg og Hønefoss har og satsa på byutvikling, men utgangspunktet for ei slik utvikling er ulik. Kongsberg har stor innpendling til byen som følgje av dei sterkt veksende teknologiverksemdene. Hønefoss og Ringeriksregionen har vesentleg utpendling, særleg mot Bærum og Oslo.

Fleire av distriktskommunane i Buskerud slit med stagnasjon eller nedgang i folketalet, sjølv om alle tettstadene har auke. Det vil framleis vera ei utfordring for tettstadene i fylket å utvikla seg til gode og velfungerande tettstader for folkesetnaden. Vektlegging av kulturtilbod, sosiale møteplassar, universell utforming og godt fungerande næringsliv vil vera avgjerande for ei slik utvikling. Signal frå regjeringa om revitalisering av fylkesdelplan for handel, service og senterstruktur vil ha mykje å seie for byane og tettstaden i fylket.

1.2.5 Kommunikasjonar

Buskerud har store utfordringar knytt til kommunikasjonar og samferdsle. Det er positivt at det vert satsa meir på vedlikehald i framlegget til Nasjonal Transportplan for 2010 – 2019, men dette går i for sterk gard utover trongen for ny infrastruktur.

I Buskerud vert det konkret arbeida for å finne løysingar på følgjande stamvegprosjekt:

- E 16 Skaret – Hvervenkastet og miljøtiltak Steinsfjorden
- Rv. 7 Sokna – Øregenvika og Ramsrud – Kjellsbergsvingane
- Rv. 23 gjennom Mørkåsen med tunnel og kopling mot E 18
- E 134 Damåsen – Saggrenda
- Rv.35 Hokksund –Åmot

Samla og samstemte prioriteringar er viktig for å oppnå gjennomslag hjå sentrale styresmakter for dei nemnde prosjekta.

Det er og store utfordringar knytt til at andre riksvegar vert foreslått overført til fylka/regionane. Desse vegane er mange stader i sterkt forfall. Trongen for å ta att etterslepet og å sikre desse vegane ein god standard er naudsynt før overføring til fylka/regionane.

Buskerud har i tillegg store utfordringar knytt til organisering og finansiering av infrastrukturen..

Jarnvegsprosjekt:

- Ringeriksbanen er omtalt som moglege tiltak mot slutten av neste NTP-periode om rammene vert auka med minst 20 %. Det er viktig for Hønefoss og Ringeriksregionen at ein får betre og raskare kommunikasjonar mot Oslo-området. Dette prosjektet må gjevast høgare prioritet.
- Strekninga Drammen – Hokksund er sterkt pressa og ikkje nemnd i NTP.
- Det vert arbeidd for å finna betre løysingar for godshandtering på jarnveg i Drammensregionen. Jernbaneløysinga har varsla at dei ynskjer å gå gjennom trongen for investeringar knytt til dette, og dei ynskjer saman med regionale og kommunale styresmakter å sjå dette i samanheng med hamneutviklinga.

Utviklinga av Drammen hamn er under diskusjon. I framlegget til NTP vert Drammen hamn foreslått som intermodalt knutepunkt, det vert likevel ikkje foreslått midlar til ny godsterminal i Drammen. Ein har heller ikkje kome fram til løysingar av arealdisponeringa i Drammen hamneområde, dette må løysast for å få til utvikling av området.

For å betre miljøet og redusera bilbruken må fleire nytta seg av kollektivtransport, det er ei stor utfordring å få dette til. Sjansane synest størst i områda det busettinga er tettast.

Statens vegvesen har sett areal- og transportplanlegging i mellomstore byområder på kartet, også Buskerudby som strekkjer seg frå Lier til Kongsberg. Eit forprosjekt for Buskerudby vert vurdert med tanke på oppstart av hovudprosjekt seinare i planperioden.

1.2.6 Naturgjevne tilhøve

Ny lov om markagrensing er under handsaming. Det er viktig å ta vare på det grønne bufferområdet mot Akershus for rekreasjon og for å hindre eit samanhengande belte av busetting frå Oslo og vestover.

Strandsona i Buskerud er under press med sin nærleik til store busettingskonsentrasjonar. Det er ei utfordring korleis vi best kan ta vare på desse områda i samspel med ulike interesser.

Fjellområda er svært verdfulle som rekreasjonsområde, for villreinen og som grunnlag for utøving av næringsverksemd. Det er konflikhtar mellom hyttebygging, reiseliv, rekreasjon, anna næringsverksemd og omsynet til vern og villrein. Det er satt i gang eit fylkesdelplanarbeid for Hardangervidda. Korleis vi best kan legge til rette for hyttebygging er ei anna utfordring.

Buskerud har sentrale jordbruksområde rundt dei tettast befolka områda i fylket, sentrale styresmakter har signalisert at dei ynskjer strengare jordvern. Buskerud står for nærare 50 % av produksjonen av grønt og grønsaker i landet og er og viktig med omsyn til anna jordbruksproduksjon. Vern av dyrka mark og matproduksjonen i Buskerud står over for store utfordringar framover.

Spørsmål knytt til bruk og friviljug vern er vorte aktualisert gjennom prosessen om verneplan for Trillemarka/Rollag østfjell. Skogen i fylket er svært viktig i næringssamanheng. Spørsmål om bruk og vern av skogområda vil vera viktig i fylket.

1.2.7 Kultur

Utøving av kultur har mykje å seie for ei lang rekkje samfunnsområde. Bulyst og stadsutvikling har nær samanheng med kulturopplevingar. Fysisk aktivitet knytt opp mot folkehelse er eit anna eksempel på det utvida kulturomgrepet. Kunst, kultur og kreativitet skal medverke til utvikling og verdiskaping. Spørsmålet er korleis vi skal kunne samkjøre dei ulike kulturretningane til felles beste.

Samspelt mellom dei ulike kulturinstitusjonane må styrkast for å gje dei busette i Buskerud eit godt og variert kunst og kulturtilbod. Utviklinga av dei regionale kunst- og kulturinstitusjonane til gode møteplassar for ulike delar av folkesetnaden vert viktig.

Folkehelse er eit tema som er prioritert høgt gjennom partnerskap med kommunar i Buskerud.

1.2.8 Utvikling og samansetting av folketalet

Ser vi på utviklinga av folketalet i Buskerud dei siste 10 åra, har fylket hatt ein auke som ligg noko over landsgjennomsnittet. 8 kommunar har hatt nedgang i folketalet, alle desse er såkalla distriktskommunar. Den sterkaste veksten finn vi i nedre delar av fylket.

Med bakgrunn i utvikling og framskrivingar av folketalet er det kommunar i Buskerud som truleg vil få ein nedgang i folketalet fram mot 2025. Dette har mellom anna samanheng med strukturen i folketalet, der enkelte kommunar har ein relativt sto del eldre og få barn og unge.

Buskerud har som fylke lågare del barn, unge og vaksne i yrkesaktiv alder enn landsgjennomsnittet og difor fleire eldre. Dei næraste 40 åra må vi rekne med stendig fleire personar over 67 år; både av funksjonsfriske og dei som treng meir omsorg. Vi veit og vi brukar lengre tid på skolegang og utdanning. Vi vert difor færre yrkesaktive inn i arbeidslivet.

1.3 Framlegg til tema i den regionale planstrategien

1.3.1 Plantype

Fram til no har vi kvart 4. år utarbeidd ein fylkesplan for Buskerud med noko varierende innhald. I gjeldande fylkesplan er det knytt handlingsprogram og gjennomføringsavtalar til planen.

I framlegg til ny plan- og bygningslov vert det ikkje stilt krav til at det skal utarbeidast ein felles regionplan, det vert i større grad opna for ulike delplanar på tema eller område. Meininga med den regionale planstrategien er å avklare kva spørsmål eller tema som skal prioriterast i den vidare planlegginga med bakgrunn i utviklingstrekk og utfordringar i regionen.

Buskerud bør ikkje lenger utarbeide ein felles plan for heile fylket, men konsentrere seg om delplanar knytt til tema eller deler av fylket.

1.3.2 Tema

Tema som er prioritert for vidare planlegging er basert på utfordringar og kva sjansar vi har for å påverka utviklinga.

Dei tema som er valt går delvis på tvers av sektorar og samfunnsområde, mens andre er konkret retta mot einskilde næringar og problemstillingar.

Forklaring: Regional delplan- svarer til fylkesdelplan. Interkommunal plan – ny planform i framlegg til planlov, plansamarbeid mellom kommunar. Regional delplan med regionale planføresegner – regional delplan med tidsavgrensa føresegner om arealdisponering – ny planform i framlegg til planlov.

1. Klima og energi

Formål:

A. Redusera klimautslepp i Osloregionen i samsvar regjeringa sine mål i eit samarbeid med Oslo og Akershus. Utarbeida felles handlingspakke innanfor områda energi, transport og avfallshandtering.

B. Utarbeide egen handlingsplan for Buskerud med tiltak.

Plantype:

A. Plansamarbeid mellom Oslo kommune, Akershus og Buskerud fylkeskommunar.

B. Regional delplan.

Medverknad:

A. Fylkeskommunar, næringsliv, transportørar, forskingsinstitutt. Høyring i kommunar.

B. Fylkeskommunen, fylkesmannen, kommunar, næringsliv, transportørar, Vardar, energiselskap, organisasjonar, landbruk.

Organisering:

A. Administrativ og politisk styringsgrupper.

B. Administrativ og politisk styringsgrupper, referansegruppe.

Tid:

A. Hausten 2008.

B. I løpet av 2009.

2. Samferdsle med kollektivtrafikk – tillegg til gjeldane planarbeid

Det går føre seg ei kontinuerleg og rullerande planlegging på samferdslesektoren i Buskerud. Av pågåande planprosessar kan nemnast;

- Nasjonal Transportplan 2010 -2019
- Fylkesvegplan
- Kollektivtrafikkplan for BTV
- Kollektivtrafikkplan for Drammensregionen

• Areal og transport Buskerudby(aksen Lier – Kongsberg)

Formål forprosjekt:

- Utvikle felles forståing av kva ein kan oppnå av fordeler om ein koordinerer areal- og transportutviklinga i området
- Mobilisering av alle aktuelle samarbeidsaktørar i arbeidet som fyrste trinn i ein felles forståing, både for utfordringane, for samarbeid og iverksetting av nye type tiltak.
- Informere om dei konsekvensar som kan oppstå om aktørane ikkje får til et forpliktande samarbeid.
- Legge til rette for folkevalt drøfting av felles utfordringar og trongen for samarbeid, på tvers av kommunegrenser, og innan eit politikkområde som har mykje å seie for folk sitt daglegliv, næringsutvikling og langsiktig miljømessige problemstillingar.

Det overordna målet for samarbeidet er å utvikle ein bære- og konkurransekraftig byregion av nasjonal interesse. Utgangspunktet er kompliserte utfordringer innan areal- og transportutvikling i dette byområdet som strekkjer seg gjennom 5 kommunar frå Lier til Kongsberg. Både tiltak, arealforvaltning, finansiering og drift av transportsystem vil inngå i prosjektet.

Ta stilling til etablering av hovudprosjekt.

Arbeidet må sjåast i samanheng med arbeidet med ei konseptvalutgreiing(KVU) for jernbanesystemet i Drammensområdet.

Plantype:

Hovudprosjekt: Regional delplan eller interkommunal plan. Vert avklara i forprosjektet. Meininga at dette skal vera ein felles arena for alle problemstillingar knytt til areal og transport frå Lier til Kongsberg.

Medverknad forprosjekt:

Lier, Drammen, Nedre Eiker, Øvre Eiker og Kongsberg kommunar, Buskerud fylkeskommune, Statens vegvesen Region sør og Jernbaneverket.

Medverknad i hovudprosjektet vert avklara i forprosjektet.

Organisering:

Prosjekteigarar: Dei 5 kommunane v/ ordførarane, fylkeskommunen v/fylkesordførar og Statens vegvesen Region sør v/ regionvegsjef og Jernbaneverket Region øst.

Styringsgruppe: Rådmennene i dei 5 kommunane, fylkesrådmann og distriktssjef Statens vegvesen Nedre Buskerud distrikt og Jernbaneverket Region øst.

Referansegruppe: Ulike interesseorganisasjonar.

Prosjektgruppe: Alle 5 kommunane i regionen, fylkeskommunen, Vegvesenet, Jernbaneverket, fylkesmannen.
Arbeidsgruppe for informasjon og kommunikasjon.
Innleigd prosjektleiar.

Organisering av hovudprosjektet vert avklara i forprosjektet.

Tidsrom:

Forprosjekt: Oppstart våren 2008 – ferdig november 2008.
Hovudprosjekt: Oppstart 2009

- **Drammen hamneområde**

Formål:

- Trong for å legge til rette for et intermodalt knutepunkt i området. I framlegg til NTP for 2010 – 2019 vert det foreslått at Drammen blir stamnetthamn utan at det følgjer midlar med.
- Trong for å vurdere jernbane, vegsystem og godstransport med sikte på heilskapelege løysingar.
- Bygge opp om målsettingane i NTP og regional planstrategi innanfor klima, energi og transport der ei ynskt utvikling er kjenneteikna av mindre forureining, færre trafikkulykker og vern av verdfulle jordbruks- og naturområde. Dette tyder ein reduksjon av klimagassar med 50% innan 2020 og å utvikle eit effektivt og miljøvennlig transportsystem for eit variert næringsliv.
- Arealdisponering
 - Områder for hamneutvikling og anna transport
 - Andre utbyggingsområde
 - Strandsona, vernebehov og rekreasjonsbehov
 - Busetnad
 - Andre næringsinteresser
- Samla vurdering av dei ulike interessene som grunnlag for å løyse arealdisponering og utfordringane på transportsida.

Arbeidet må sjåast i samanheng med ei konseptvalutgreiing(KVU) for jernbanesystemet i Drammensområdet og kommuneplanarbeidet i Lier og Drammen.

Plantype:

Regional delplan med regional planføresegn.

Medverknad:

Lier kommune, Drammen kommune, Drammen hamn, Fylkesmannen i Buskerud, Buskerud fylkeskommune, Jernbaneverket, Statens vegvesen, Kystverket, ulike transportørar, utbyggingsinteressantar i området.

Referansegruppe: NSB, Rom Eigedom, NHO, LO, Drammen Næringslivforening og andre interesseorganisasjonar.

Organisering:

Vert å organisere som prosjekt med styringsgruppe og arbeidsgrupper.

Tid:

Hausten 2008.

3. Satsingsområde for næringsutvikling – med m.a.

- **Arbeidskraft**

Formål:

Tiltak for å trekke til seg kompetent arbeidskraft i alle delar av fylket på kort og lang sikt, under dette spørsmål knytt til arbeidsinnvandring, arbeidskraftreserve og rekruttering.

Arbeidskraftspørsmålet viktig for einskilde verksemder, bransjar og næringsliv og for utvikling og tilrettelegging av stader og for å skape bulyst.

Plantype:

Felles strategi- og handlingsplan. Årleg rullering.

Medverknad:

NAV, NHO, LO, Innovasjon Norge, HiBu, Buskerud fylkeskommune, KS – kommunar, store verksemder, bransjeorganisasjonar

Organisering:

Prosjektorganisering med samarbeidsforum, styringsgruppe, prosjektgruppe, arbeidsgrupper og referansegruppe.

Tid:

Oppstart hausten 2008.

- **Forsking og innovasjon**

Formål:

Det skal utarbeidast ein strategi for innovasjon, kompetanse og forsking for Buskerud fylke. Bakgrunnen for arbeidet er visjonen i noverande fylkesplan om at ei ynskt utvikling i Buskerud skal vere berekraftig og innovativ for å fremje næringsutvikling og bulyst.

I arbeidet med å fremje næringsutviklinga er det å auke verksemdene si verdiskaping og konkurransekraft heilt sentralt. Verksemdene si konkurransekraft vert i stor grad av påverka av innovasjonsevna, av tilgang på arbeidskraft med relevant kompetanse og av samarbeidsrelasjonar eller nettverket som verksemdene er del av. For å involvera verksemder og andre relevante samarbeidspartnarar vert det lagt opp til medverknad regionalt.

Kva skal den nye strategien dekke?

- Danne grunnlag for prioritering av innsats/ressursbruk
- Grunnlagsdokument i høve til verkemedel for regional innovasjon(VRI) og regionale forskingsfond

Plantype:

Regional delplan – hovudprosjektet.

Medverknad:

Buskerud fylkeskommune, Innovasjon Norge, Høgskolen i Buskerud, Forskningsrådet, regionane gjennom regionråda, næringsliv, bransjeorganisasjonar, næringsorganisasjonar, Papirbredden Innovasjon.

Organisering forprosjekt:

Prosjektansvarleg og styringsgruppe: Team for Kompetanse, Innovasjon og Næring.

Prosjektleiari: Trine Steen, Insam AS

Organisering av hovudprosjektet vert avklara i forprosjektet.

Tid:

Forprosjekt før sommaren 2008.

Hovudprosjekt hausten 2008.

- **Reiseliv**

Formål:

Vidareføre reiselivstrategien for Buskerud gjennom eit forpliktande samarbeid mellom reiselivsnæringane, det offentlege og FoU-aktørane i Buskerud. Målsettinga er å utvikla lønsame verksemder med forankring i dei ulke stader sin identitet samt natur og kultur med høg kvalitet og internasjonal attraksjonskraft. Arbeidet med planen må tilpassat nye satsingsområde og sikre politisk forankring av arbeidet og å mobilisera for ytterlegare tiltak.

Plantype:

Regional delplan for reiseliv.

Medverknad:

Reiselivsaktørar, verkemiddelapparat, kommunar/regionar, organisasjonar, FoU, fylkeskommunen og regional stat.

Organisering:

Styringsgruppe sett saman av reiselivsaktørar, politikarar frå fylkeskommune og kommunar, regional stat og FoU. Vidareføre samarbeidsorganet Team reiseliv. Regionale samlingar og stor felles konferanse.

Tid:

Oppstart hausten 2008. Politisk handsaming i desember 2009.

- **Kulturnæring**

Formål:

Stimulera til vekst i kulturnæringane i Buskerud gjennom betre samordning og målretting av offentlege verkemiddel. Gjennom mobilisering og partnerskap med dei mange aktørane innanfor kulturnæringane prioritera satsingsområde og tiltak.

Plantype:

Strategi og handlingsplan for kulturnæringane.

Medverknad:

Aktørar innanfor kulturnæringane; tenestytande næringar, konsulentverksemder med kunstnarisk kunnskap, undervising, musikk, kunst. Fylkeskommunen og kommunar.

Organisering:

Styringsgruppe sett saman av dei ulike aktørane innanfor kulturnæringane, kommunar og politikarar frå fylkeskommunen. Regional arbeidssamlingar.

Tid:

Utkast til høyring desember 2008.

- **Kunst- og kulturformidling**

Formål:

Stimulere til at folkesetnaden i Buskerud får sjansar til å oppleva og delta i eit mangfaldig og rikt kulturliv som viktig innsatsfaktor i utviklinga av byar, tettstader og lokalsamfunn.

Gjennom mobilisering og partnerskap med kommunar, institusjonar og organisasjonar prioritere satsingsområde og tiltak.

Plantype:

Strategiplan

Medverknad :

Representantar frå konsoliderte musea, representantar frå kulturinstitusjonane, kommunar, friviljuge organisasjonar.

Organisering:

Styringsgruppe satt saman frå dei ulike aktørane. Regionale arbeidssamlingar.

Tid:

Tidleg i 2009.

- **Utviklingsplan for Ringeriksregionen**

Formål:

Utvikle ein felles regional plan for Ringeriksregionen basert på dei tre kommunane sine kommuneplanar med særleg fokus på næringsutvikling, verdiskaping og kompetanseutvikling.

Plantype:

Interkommunal plan.

Medverknad:

Kommunane Hole, Ringerike og Jevnaker, Buskerud og Opplandfylkeskommunar, næringslivet i regionen, HiBu, kompetanseverksemder i regionen.

Organisering:

Styringsgruppe, ulike arbeidsgrupper.

Tid:

Oppstart 2009.

4. Livslang læring/læring heile livet

Formål:

Planarbeidet skal bringe saman moglege samarbeidspartnarar og interessentar i ein kreativ og framtidsretta prosess og som skal legge grunnlag for ein samla politikk for livslang læring i Buskerud. Enkeltpersonar, lokalsamfunn, verksemder og regionar har læringsbehov som krev samordning, utfylling og forbetring ut over og på tvers av noverande tilbod.

Kunnskapssamfunnet stiller forsterka krav til både individuell kompetanse og læring i organisasjonar. Buskerud står overfor særleg store utfordringar med sin næringsstruktur, samansetjing av arbeidskraft, busettingsmønster og noverande kompetansenivå.

Det handlar og om å skape ein læringskultur basert på kompetanse og motivasjon for utdanning med utgangspunkt i lokale utfordringar.

Plantype:

Regional delplan.

Medverknad:

Kommunar, fylkeskommunen, HiBu/BI , elev-/studentorganisasjonar, NAV, regional stat, næringsliv, NHO, Vofo og andre vaksenopplæringsorganisasjonar, innvandarrepresentantar.

Organisering:

Forprosjekt med prosjektplan som grunnlag for planprogram.

Tid:

Forprosjekt hausten 2008. Hovudprosjekt 2009.

5. Kommunar med nedgang i folketalet

Formål:

Kva prosessar fører til negativ folketalsutvikling i desse kommunane? Utviklingstrekk og utfordringar. Erfaringsutveksling nasjonalt og internasjonalt.

Tiltak for å bøte på negativ folketalsutvikling innanfor områda; næringsutvikling, arbeidskraft og kompetanse, barn og unge, småsamfunnsutvikling, stadsutvikling, kultur, kulturlandskap og utmark, omdømme og marknadsføring.

Plantype:

Interkommunal plan.

Medverknad:

Kommunar, næringsliv, lag og organisasjonar, einskildpersonar, forskingsinstitusjonar, verkemiddelapparat, fylkeskommunen, regionale styresmakter, sentrale styresmakter.

Organisering:

Prosjektorganisering med forprosjekt.

Tid:

Oppstart 2009.

6. Hardangervidda

Formål:

Miljøverndepartementet har gjeve fylkeskommunane i Buskerud, Telemark og Hordaland i oppdrag å utarbeide fylkesdelplan for Hardangervidda.

Hovudformålet med denne planlegginga er å kome fram til ein langsiktig og heilskapeleg strategi for bruk av dei delar av Hardangervidda som er viktige leveområde for villreinen eller som påverkar villreinen sine leveområde. Fylkesdelplanarbeidet skal gjennomførast med eit bruk og vern perspektiv. Det skal gjevast rammer og leggjast til rette for lokalsamfunna si trong for utvikling, men planen skal og sikra villreinen forsvarlege tilhøve på lang sikt og tilstrekkelege leveområde.

Planen omfattar 3 kommunar i Buskerud, 2 kommunar i Telemark og 4 kommunar i Hordaland.

Bruk og vern av nasjonalparken og andre verneområde er fastsett i egne forskrifter og forvaltningsplanar, og inngår difor ikkje i dette planarbeidet.

Plantype:

Felles fylkesdelplan(regional delplan) i samarbeid med Telemark og Hordaland.

Medverknad:

Det vert lagt opp til brei medverknad frå alle partar som vert påverka av planarbeidet. Dette vil skje gjennom stendig dialog med

- kommunane
- fylkesmennene sine fagavdelingar og fylkeskommunen
- andre statlige fagetatar (t.d. SNO, Statens vegvesen og NVE)
- villreinmiljøa (villreinnemnda, villreinutvalet, Villreinsenteret)

Organisering:

Styringsgruppe sett saman av ordførar frå dei 9 kommunane, to sentrale fylkespolitikar frå kvar av fylka og ein frå kvar av fylkesmannsembeta. Arbeidsutval med 7 medlemmer.

Referansegruppe med grunneigarorganisasjonar og interesseorganisasjonar.

Administrativ faggruppe frå kommunar, fylkeskommunar og fylkesmennene.

Lokal organisering i den einskilte kommune.

Det er engasjert ein prosjektleiar i 100% stilling som har fast kontorplass i Buskerud.

Tid:

Planarbeidet er organisert som eit 3-årig prosjekt som skal avsluttast ved utgangen av 2010.

7. Vassdrag/vassbruk

Formål:

Følgje opp EU sitt rammedirektiv for vatn. Betre vasskvaliteten i elvar, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn.

Vassressursane skal vurderast ut frå naturverdi og som sosial og økonomisk ressurs. Avgrensinga av vassdrag følgjer nedbørsfeltet uavhengig av fylkes- eller kommunegrenser.

Mest heile Buskerud høyrer til vassregion 2. Det skal utarbeidast forvaltningsplanar for dei ulike vassdraga. I fyrste planperiode 2009 – 2015 skal det lagast forvaltningsplanar for Numedalslågen og Lierelva i Buskerud.

Plantype:

Fylkesdelplan – regional delplan.

Medverknad:

Fylkesmannen, fylkeskommunen, kommunane, sektormyndigheiter som NVE, Mattilsynet, Statens vegvesen, Kystverket, Jernbaneverket, andre interessegrupper innan friluftsliv, landbruk, samferdsle, verksemdar, grunneigarar m fl.

Organisering:

Vassregionutval sett saman av representantar frå fylkesmannen, fylkeskommunen, kommunane, sektormyndigheiter som NVE, Mattilsynet, Statens vegvesen, Kystverket, Jernbaneverket. Referansegruppe med andre interessentar. Fylkesmannen er vassregionmyndigheit, fylkeskommunen skal vedta fylkesdelplanane/regionale delplanar.

Lokal organisering i vassområdeutval med lokale referansegrupper.

Tid:

Planprogram er laga. Forventa vedtak mot slutten av 2009.

8. Folkehelse

Formål:

I samsvar med nasjonale føringar;

- betre den sosiale tryggleiken og god helse for folkesetnaden i Buskerud,
- betre kvaliteten på sosial- og helsetenester
- redusere skilnaden i helse og levekår
- fremje faktorar som gjev god helse m.a. friluftsliv
- betre grunnlaget for sosial inkludering for alle.

Stimulere og fremje folkehelsa hjå folkesetnaden i Buskerud. Gjennom mobilisering og partnerskap med kommunar, institusjonar og organisasjonar prioritere helsefremjande og førebyggjande tiltak. Legge vekt på folkehelse i høve til kommunale planar.

Plantype:

Regional delplan eller strategi/handlingsplan.

Medverknad:

Representantar frå Fylkesmannen, fylkeskommunen, kommunar, NAV, institusjonar og friviljuge organisasjonar.

Organisering:

Styringsgruppe sett saman frå dei ulike aktørane. Regionale arbeidssamlingar.

Tid:

Oppstart hausten 2008 – vedtak hausten 2009.